



Årsrapport om studiekvalitet (2007)



Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
The Oslo School of Architecture and Design

Innhald

Innhald	2
1 Innleiing.....	3
2 Statusrapport om studiekvalitet 2007	3
2.1 Administrativ organisering.....	3
2.2 Undervisning masterstudia ved AHO.....	4
2.1.1 Karaktersystemet.....	4
2.1.2 Grunnundervisninga	4
2.1.3 Masterundervisninga	4
2.1.4 Studieplan.....	4
2.1.5 Etter- og vidareutdanning	6
2.3 Forskarskolen	7
2.4 Vitskapeleg tilsette	9
2.5 Sensorar.....	9
2.6 Studentar.....	10
2.6.1 Opptak - grunnutdanninga	10
2.6.2 Opptak – seinare i studiet.....	10
2.6.3 Studentar.....	11
2.6.4 Utveksling	12
2.6.5 Kandidatproduksjon.....	12
2.6.6 Evaluering av mastergradsundervisninga	13
2.6.7 Studentmeritteringar	15
3 Administrative støttefunksjonar	16
3.1 Bibliotek	16
3.1.1 Utlån og besøk i biblioteket	16
3.1.2 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar	16
3.1.3 Tiltak for å betre læringsmiljøet i biblioteket.....	16
3.2 Studieadministrasjon	17
3.2.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar	17
3.2.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet	17
3.3 IKT	17
3.3.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar	17
3.3.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet	18
3.4 Verkstader	19
3.4.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar	19
3.4.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet	19

1 Innleiing

Rapporten gjeld for perioden 1.1-31.12.2007 og er ein del av AHO sitt system for kvalitetssikring.

Tabellane er basert på data frå FS – Felles Studentsystem og som er rapportert til DBH/NSD pr 15.2.08, samt statistikk frå Samordna opptak og Bibsys.


2 Statusrapport om studiekvalitet 2007

2.1 Administrativ organisering

I perioden har AHO oppretta ein fagadministrativ avdeling bestående av bibliotek, forskingsadministrasjon og studieadministrasjon. Avdelinga vert leia av fagdirektør, organisert under rektor. Sjå organisasjonskart.

Organisasjonsstruktur for AHO

Linjeansvar pr. mai 2007



2.2 Undervisning masterstudia ved AHO

2.1.1 Karaktersystemet

AHO gjekk over til nytt karaktersystem i 2006, der karakterskalaen A-F var innført for andre og tredje år, mens karakteren Stått/ikkje stått var innført for første år og alle kurs på masternivå. Det nye systemet er no i hovudsak innført for alle studentar som ikkje er forseinka i utdanninga, unntatte tredje år i grunnundervisninga som kjem inn under dette karaktersystemet hausten 2008.

2.1.2 Grunnundervisninga

Det har ikkje vore gjennomført særskilte endringar i grunnundervisninga dette året. AHO har i 2007 starta diskusjonen om endringar med tanke på ei avsluttande eksamen etter fullført grunnundervisning. Ein tek sikte på at endringane vert sette i verk hausten 2008.

2.1.3 Masterundervisninga

Det har ikkje vore større endringar i masterundervisninga dette året. Det er avdekka noko misnøye frå internasjonale studentar om kurstilbodet og informasjonen på engelsk. Det er derfor presisert at alle studioskurs på masternivå skal kunna gjennomførast av internasjonale studentar. Vidare er det satt i gang et arbeid for bevisstgjøring av engelsk som administrasjonsspråk. Frå og med våren 2008 vert internasjonale studentar tatt opp seinare i studiet og studentar under kvoteordninga tilbydd eksternt kurs i norsk dekkja av AHO.

2.1.4 Studieplan

Etter ei evaluering av fordjupningskurs (6 sp) i 2006 vart det i overordna plan for verksemda (OVP) stadfesta at ein frå hausten 2007 skulle gjennomføra endring og spissing i desse kursa. Kursa er no meir retta mot satsingsområda til institutta. Kursa ber no meir preg av profesjon og teori, mens verkty- og/eller teoretisk påfyll er avgrensa til få, men avanserte kurs. Det er også etablert ei større mengd valbare fordjupningskurs.

Av totalt 22 studioskurs som vart stilt i 2007 hadde 10 kurs (45%) ei bevisst FoU-orientering. Det vart totalt stilt 27 fordjupningskurs. Av desse var det 11 teorikurs, 10 ferdigheitskurs og to profesjonskurs. Eitt kurs var retta direkte mot utvekslingsstudentar, medan eitt kurs var tilknytt FoU-prosjekt.

Studiokursa (tab 1) viser ein god samanheng mellom dei faglege ressursane og dei kursa som vert tilbydd. For arkitektutdanninga er det ei mangel på studioskurs innfor kompleks byforming og kompleks prosjektering, mens ein i industridesignutdanninga må sjå på den teoretiske undervisninga som er integrert i studioskursa.

I samband med AHO Works var det hausten invitert tre eksterne rådgjevarar (to for arkitektur og ein for industridesign) som saman med rektor gjekk gjennom materialet. Evalueringa er lagt fram for Undervisningsutvalet.

Resultatet av institutta si bevisste fagpolitiske satsing er at ein no har etablert ei rekkje regelmessige fordjupningskurs (tab 2). Det manglar fortfarande kurs innanfor design med humanistisk teoretisk vinkling, kurs med samfunnsvitskapleg vinkling og kurs innanfor development studies.

Tabell 1. Fordeling av studioskurs (24 sp) etter institutt 2005 – 2007 (masterundervisninga)

	2005 V	2005 H	2006 V	2006 H	2007 V	2007 H
Institutt for arkitektur	3	3	4	4	5	4
Institutt for form, teori og historie		1		2		1
Institutt for urbanisme og landskap	2	2	1	2	2	2
Institutt for industridesign, Interaksjonsdesign	1	2	1	2	1	2
Institutt for industridesign, Produktdesign	1	2	1	2	1	2

Tabell 2. Gjennomførte studioskurs

Institutt	Vår 2007	Haust 2007
Arkitektur	<ul style="list-style-type: none"> • Konstruksjon. Ny bybro over Drammenselva • Augmented reality • Avansert prosjektering basert på ein aktuell og kritisk arkitekturdiskurs. Funksjon som rom-generator • Avansert arkitekturprosjektering. . Architecture in threatening environments • Avansert arkitekturprosjektering. Architectural design, production and publication 	<ul style="list-style-type: none"> • Avansert arkitekturprosjektering basert på ein aktuell, kritisk arkitekturdiskurs. Rom som rom-generering • Avansert arkitekturprosjektering. Å møta landskapet • Avansert arkitekturprosjektering. Arkitektur i landskap • Avansert arkitekturprosjektering. Enova studio
Form, teori og historie		<ul style="list-style-type: none"> • Arkitekturvern. Transformasjon og bevaring
Urbanisme og landskap	<ul style="list-style-type: none"> • Arkitekturtriennale 2007: "Greater" Oslo • Landscape of urbanism. Chanto 	<ul style="list-style-type: none"> • Avansert urbanisme. Sealed against the real • Reisens landskap
Industridesign	<ul style="list-style-type: none"> • Design som tenesteyting • Tangerible interaction 	<ul style="list-style-type: none"> • Kompleksitet og systemtenking • Interaksjonsdesign • Avansert produktdesign • Service design

Tabell 3. Fordeling av fordjupningskurs (6sp) etter institutt

	2005 V	2005 H	2006 V	2006 H	2007 V	2007 H
Institutt for arkitektur	2	1	1	2	4	4
Institutt for form, teori og historie	2	4	3	3	4	3
Institutt for urbanisme (urbanisme og landskap)	2	3	3	2	2	2
Institutt for industridesign	1	3	2	3	4	3
Spesialkurs (Årbok, Diplomprogrammering)	2	1	1	1	1	1

Tabell 4. Gjennomførte fordjupningskurs

Institutt	Vår 2007	Haust 2007
Arkitektur	<ul style="list-style-type: none"> • Avansert 3D modellering • Profesjonskunnskap • Matematikk i arkitektur og design • Praksis og metode 	<ul style="list-style-type: none"> • Architecture and film. Morphology of body and space #1 • Glass, constructing affects and sensations • Boligtypologi/bolighistorie • Representation of spatial understanding
Form, teori og historie	<ul style="list-style-type: none"> • Skrivekurset. Frå idé til tekst • Teikning som romforståing. Metode, historie og kultur • Designteorii. Evolusjon som analogi • Norsk arkitektur – historie, materialitet og tektonisk tradisjon 	<ul style="list-style-type: none"> • Skrivekurset. Frå idé til tekst • Moderne arkitekturteorier • Norsk arkitektur – ei introduksjon
Urbanisme og landskap	<ul style="list-style-type: none"> • Element i landskapsarkitekturen • Urban social theory and the understanding of spatial practices1 	<ul style="list-style-type: none"> • Current theories in urbanism • Landskapsarkitektur frå yrke til disiplin
Industridesign	<ul style="list-style-type: none"> • Tektilitet i design og arkitektur • Lyddesign • Designing interavtive experiences • Visuell kommunikasjon 	<ul style="list-style-type: none"> • Exploring creativity • Visuell kommunikasjon • Avanserte mekanikk- og simuleringmetoder •
AHO	<ul style="list-style-type: none"> • Diplomprogrammering 	<ul style="list-style-type: none"> • Diplomprogrammering

Tabell 5. Sjølvprogrammerte studiekurs (24 sp) 2005-2007

	2005 V	2005 H	2006 V	2006 H	2007 V	2007 H
Sjølvprogrammering	6	4	4	11	6	10

Hovudtyngda av sjølvprogrammerte studiekurs vert teken ved arkitektstudiet. For 2007 var det berre 2 sjølvprogrammeringar ved industridesignstudiet, i haustsemesteret.

2.1.5 Etter- og vidareutdanning

AHO har ikkje hatt kurs innan etterutdanning i 2007.

Det ble ikkje tatt opp nye kull til de erfaringsbaserte masterprogramma i 2007. AHO har følgjande erfaringsbaserte masterprogram:

Master i arkitekturvern

Master i digital design

Master i interaksjonsdesign

Master i urbanisme

Av desse er det berre masterprogramma i arkitekturvern og urbanisme som har haldt kurs i 2007. I resten av programma var det berre rettleiingsaktivitet for studentar som er kome til den avsluttande masteroppgåva.

Tabell 6: Avlagte studiepoeng og registrerte studentar ved erfaringsbaserte mastergrader 2007

Studieprogram	Prosent ekstern finansiering	Studie-nivå	Studie-poeng	Avlagte studiepoeng hele 2007		Registrerte studentar vår 2007		Registrerte studentar haust 2007	
				totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Master i arkitekturvern	100	MA	90	165	90	11	6	11	6
Master i urbanisme	100	MA	90	273	228	12	9	14	9
Master i digital design	100	MA	90	30		1		1	
Totalt				468	318	24	15	26	15

Master i urbanisme

I 2007 vart det gitt undervisning til 2005-kullet. For desse vart det gitt undervisning i eit studioskurs i tillegg til casestudioet "Utviklingsstrategiar i London Aust".

Koordinatorane for studiet har dessutan hatt ei rekkje rettleiingssamtalar og rettleiingar per e-post med studentar som er i gong med masteroppgåva.

Ved utgongen av 2007 hadde 9 studentar frå 2004-kullet til gode å levera masteroppgåva. Mellom desse mangla 5 ein eller fleire modular frå grunnundervisninga.

Master i arkitekturvern

Det vart gjennomført undervisning i Modul 8 og 9 (Modul 8: Analyse av aktuelle utførte arkitekturvernprosjekt og Modul 9: Analyse og prosjektering i aktuelle verna bygningar).

2.3 Forskarskolen

AHO tek opp doktorandar i kull kvart anna år. Til tross for at doktorgruppene er fleirfagleg samansett, er erfaringane frå dei siste åtte kulla som er tatt opp hittil at det gjennom AHO sin obligatoriske forskarskole vert danne tett integrerte doktorklassar som sikrar god fagleg utveksling og eit godt studiemiljø. Dei kulla som er teke opp hittil visar at talet på interne stipendiatar har vore gradvis aukande. Ved siste opptak i 2006 var i alt 13 av 18 doktorandar i kullet interne stipendiatar finansiert av departementet.

Forskarskolen på AHO vart etablert i 1992 og er eit obligatorisk opplæringsprogram for doktorutdanninga ved AHO. Forskarskolen er lagt opp som eit eitt års studium på full tid (60 studiepoeng). Programstyret for forskarutdanninga arbeider for tida med å utvikla ein ny studieplan for forskarskolen. Den nye studieplanen vert gjeldande for eit nytt kull av stipendiatar og doktorandar som startar opp hausen 2008.

Doktorutdanninga ved AHO består dels av ein obligatorisk opplæringsdel (forskarskolen), eitt års pliktarbeid (gjeld for skolens eigne stipendiatar) og arbeid med doktoravhandling (inkl. oppfølging frå rettleiingsapparat). AHO arbeidar med å heva kvaliteten på doktorutdanninga gjennom å betra forskarskolen, styrke rettleiingsapparatet og ved utarbeiding av tiltak for tettare integrasjon mellom doktorutdanninga og AHO si FoU-verksemd elles. Vidare arbeidar ein aktivt med nettverksbygging, både nasjonalt og internasjonalt, særleg i tilknytning til forskarskolen.

Programstyret for forskarutdanninga (PS) har overordna ansvar for vidareutvikling og kvalitetssikring av forskarskolen. Det pågåande arbeidet med å utvikle ein ny studieplan er basert på materiale from evaluering (både kursspesifikt og generelt) frå doktorandkull som gjennomførte si forskarutdanning hausten 2006 og våren 2007. På bakgrunn av vurdering av dette materialet er det vedtatt å redusere forskarskolens fellesdel til eitt semester, og tilsvarande auke den fagspesifikke delen til å omfatta eitt semester. PS vil i løpet av våren 08 utarbeide eit meir detaljert studieprogram (seminarmodular, fagleg profil, bemanningsplan) for forskarskolens fellesdel. Hausten 2008 vil PS, i samarbeid med institutt og fagmiljø ved AHO utarbeide retningsliner og organisatorisk rammeverk for den fagspesifikke delen av forskarutdanninga. Intensjonen med å styrke den fagspesifikke delen av forskarskolen er å nytta doktorgradsprosjekt med analog tematikk som utgangspunkt for å byggja opp eit utval tett integrerte forskingsmiljø på skolen (både meit instituttspesifikke og på tvers an institutta). Målsetnaden er å styrka både studiekvaliteten i doktorutdanning og AHO sine FOU-miljø.

Eit anna tiltak som er gjennomført i den samanheng er at opptak av nytt stipendiatkull (oppstart september 08) i er heilt reservert PhD-prosjekt i praksisbasert forskning (research by design). Dette representerar ei forskingsstrategisk satsing som skal styrka forskning og forskingsrekruttering innan AHO sine faglege kjerneområde.

Med omsyn til kvalitetsheving av rettleiinga vil det bli gjennomført tiltak for opplæring og kursing av rettleiarar. AHO sitt rettleiingsapparat styrkas gradvis ved at ein større del av skolen sine vitenskaplege tilsette tar doktorgrad og med det får formell rettleiingskompetanse. Det satsas også eksplisitt på å styrke skolens rettleiingskompetanse gjennom tilsetningar (dette har særleg vore tilfelle på institutt for industridesign). Tiltak om betre samordning mellom forskarskolen og AHO sine prioriterte

satsingsområde innan forskning er også tenkt å bidra til ein generell heving av rettleiingskvalitet på dokornivå.

AHO sin forskarskole vil, i tillegg til å anvende ny studieplan f.o.m. oppstart av nytt doktorandkull hausten 2008, satsa endå sterkare på involvering i nasjonale og internasjonale nettverk for forskarutdanning. Føremålet er å styrka forskarskolen med omsyn til studiekvalitet og fagleg innhald. AHO vil, i samarbeid med NTNU og UMB, utarbeide søknad om status som nasjonal forskarskole, med finansiering frå NFR (søknadsfrist juni 2008). AHO vil vidare inngå som ein del av både Nordisk Arkitekturakademis nye nettverk for forskarutdanningar og eit nytt europeisk nettverk for internett-/fjernundervisningsbasert forskarutdanning (Archi.doc).

Eit overordna aspekt når det gjeld studiekvalitet i doktorutdanninga er at doktorandane opplever å ha god progresjon i sitt arbeid med PhD-avhandlinga. Etablerte ordningar og tiltak som skal sikre god gjennomstrømming i doktorutdanninga er halvårlege progresjonsseminar (der doktoranden rapporterar status i sitt doktorarbeid) og ei readerordning i slutfasen (ekstern kvalitetssikring før endeleg levering av avhandlinga). Generelt sett, og i tillegg til dette, søker AHO på ulike måtar å støtte og legge til rette for doktorandar som er i slutfasen av programmet.

Tabell 7 Kandidatar i phd-programmet 31.12.2007 og disputaser i 2007 fordelt på tema (tema tilsvarer AHOs instituttinndeling)

	Antall aktive kandidater	Antall disputaser
Arkitektur (inkludert arkitekturhistorie)	13	1
Urbanisme	8	1
Design	6	
Kunstfaglig/kunsthåndverk	7	2
Anna	3	1

Tabell 8 Aktive doktorandar på AHO pr. 31.12.07

AHO stipendiatar – departements finansiert	Stipendiatar m. annen finansiering	AHO lærarar	Eksterne doktorandar	Totalt
14	7	1	15	37

Tabell 9 Hovudstatistikk forskarutdanninga

Kull	Tatt opp		Fullført		Aktive	Passive ^x	permisjon
	kvinner	totalt	kvinner	totalt	totalt	totalt	totalt
Før 1992	2	4	2	4	-	-	
Kull 1 opptak 92	5	8	5	7	1	-	
Kull 2 opptak 93	6	12	2	3	-	9	
Kull 3 opptak 95	11	19	5	10	2	7	
Kull 4 opptak 97	8	14	4	6	3	5	
Kull 5 opptak 99	2	8	1	2	2	4	
Kull 6 opptak 01	7	20	3	8	6	3	3
Kull 7 opptak 04	8	13	-	-	8	2	3
Kull 8 opptak 06	13	17	-	-	15	1	1
SUM	53	116	22	40	37	31	7

^x inkl. fråfall

2.4 Vitskapeleg tilsette

Tabell 10 Vitskapeleg tilsette 2005-2007 (rekna ut frå 100% stilling/heile årsverk)

	2005		2006		2007	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Høgskolelektor	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Universitetslektor	3,5	13,5	5,2	14,5	5,2	11,0
Amanuensis	0,0	2,8	0,0	1,8	0,0	1,8
Førsteamanuensis	4,8	14,1	5,5	12,6	5,0	11,1
Professor	2,8	19,7	2,2	20,8	3,0	22,1
Stipendiat	3,0	9,0	10,0	15,0	10,0	14,9
Professor II	0,2	1,0	0,2	1,0	0,2	1,4
Andre	4,0	4,0	0,0	1,0	0,0	2,0
SUM	18,3	65,1	23,1	66,7	23,4	64,5

Tabell 11 Engasjerte time-/hjelpelærarar (med fast løn og/eller 100 % stilling)

2005	2006	2007
12,9	10,8	10,9

Tabell 12 Fast tilsette (personar) i vitskapelige stillingar 2006 og 2007 (inkludert stipendiatar)

	2006		2007	
	100 % stilling	deltidsstilling	100 % stilling	deltidsstilling
kvinner	16	5	17	4
menn	26	13	25	14

2.5 Sensorar

Alle sensorutval ved AHO skal bestå av minst to personar. For studiekurs på masternivå skal minst ein av sensorane vera ekstern, oppnemnd av Undervisningsutvalet. Til dei avsluttande diplomoppgåvene skal kvart sensorutval bestå av tre eksterne sensorar.

I haustsemesteret har det vore utarbeidd nye rutinar for oppnemning av sensorar og evaluering av sensorordninga. Endringane vert sett i verk våren 2008.

Tabell 13 Fordeling av sensorar på studiekurs 2005-07

Semester	Interne sensorar (kvinner)	Eksterne sensorar (kvinner)
2005 vår	13 (4)	8 (2)
2005 haust	14 (2)	14 (3)
2006 vår	12 (2)	8 (2)
2006 haust	18 (4)	12 (2)
2007 vår	10 (2)	9 (1)
2007 haust	15 (2)	14 (2)

2.6 Studentar

2.6.1 Opptak - grunnutdanninga

Som det går fram av tabell 14 er opptakstalet høgre enn det som var fastsett for første år. Dette kjem av a 5 søkarar med minimum eitt års studium frå tilsvarende studium, fekk innpass direkte i andre år gjennom vurdering i Opptaks- og godkjenningsutvalet. Dette gjaldt to studentar til industridesignstudiet og tre til arkitekturstudiet. Dei ledige plassane vart fylt opp frå ventelista.

Tabell 14 Søkjarar til masterstudia gjennom Samordna opptak 2005-2007.

	Søkjarar totalt			Søkjarar med førsteprioritet		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007
M.ark	1445	1370	1520	675	584	761
M.id	751	627	614	161	133	149

Tabell 15 Opptak første år masterstudia 2007 og 2006

2007	Opptak	Kvinner	Alder snitt	Alder spenn	Første-pri.	Realkomp	Ex.phil
M.ark	48	22	24,02	19 → 42	47	3	1
M.id	24	16	23,29	20 → 33	20	0	2

2006	Opptak	Kvinner	Alder snitt	Alder spenn	Første-pri.	Realkomp	Ex.phil
M.ark	50	15	23,96	19 → 41	49	2	10
M.id	25	12	22,68	19 → 32	21	1	2

Tabell 16 Linjefordeling på vidaregåande skole for studentar første år 2006 og 2007

	2006	2007	2006	2007
	arkitektur		industridesign	
Allmenne, økonomiske og administrative fag	33	23	9	11
Formgjevingsfag	8	12	11	8
Rudolf Steiner skole	1	1	0	1
Andre studieretningar som gir kompetanse til opptak	8	10	5	3

2.6.2 Opptak – seinare i studiet

Opptaks- og godkjenningsutvalet handsamar opptak seinare i studiet, opptak til landskapsarkitektur og hospitantar på grunnlag av søknad, karakterutskriftar og portfolio.

Søknadane til opptak seinare i studiet stig, særskilt søknadane til master i arkitektur, mens det er på same nivå for master i industridesign og hospitantar.

Tabell 17 Opptak seinare i studiet, masternivå, 2005-2007.
(søkjartal vist i parentes)

	2005	2006	2007
M.ark	7*) (28*)	10 (43)	11*) (67*)
M.ide	6 (27)	10 (28)	9 (30)
M.land	8 (10)	8 (10)	5 (16)

*) To kvotestudentar frå Makerere University, Uganda er medrekna

2.6.3 Studentar

I 2007 har tre studentar avbrote studia ved AHO, medan ein student fekk tatt opp at studia og fullførte utdanninga i haustsemesteret. Dei tre som braut av studia gjekk til annan studiestad for fullføring.

Master i landskapsarkitektur vart starta hausten 2005, mens den var utskilt som eige studieprogram i AHOs database 2007, slik at statistikk for denne utdanninga ligg under M.ark for 2006.

Tabell 18 Registrerte studentar, masterutdanninga

	2006				2007			
	Vår		Haust		Vår		Haust	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
M.ark	133	281	144	299	128	321	155	332
M.ide	53	134	49	125	46	125	54	133
M.land	-	-	-	-	9	11	5	10
SUM	186	415	194	425	183	457	214	475

Tabell 19 Kandidatutdanninga formel: beståtte studiepoeng/30 (fordelt per semester)

	2006				2007			
	Vår		Haust		Vår		Haust	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
M.ark	66,5	137,1	59,2	131,0	57,5	133,7	57,9	126,3
M.ide	22,3	60,4	21,2	57,7	18,9	51,5	26,3	68,6
M.land	-	-	-	-	2,0	3,0	7,0	17,4
SUM	88,8	197,5	80,4	188,7	78,4	188,2	91,2	212,3

Tabell 20 Strykprosent mastergradsutdanninga (leverte oppgaver=100%) 2006 og 2007, inkluderer diplom.

	2006				2007			
	Vår		Haust		Vår		Haust	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
M.ark	5,6	6,3	5,0	5,8	4,5	4,0	5,6	6,0
M.ide	5,3	7,0	6,3	5,0	3,3	6,8	3,8	3,9
M.land	-	-	-	-	0,0	0,0	8,3	8,7
SUM *)	5,5	6,5	5,3	5,5	4,2	4,7	5,2	5,5

Tabell 21 Oppmeldte til diplomsemester 2006-2007 *)

	2006				2007			
	Vår		Haust		Vår		Haust	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
M.ark	12	23	6	14	12	21	13	27
M.ide	10	25	3	8	9	17	6	9
M.land	-	-	-	-	4	6	0	1
SUM	22	48	9	22	25	44	19	37
SUM/ÅR	70				81			

*) Studentar med utsett levering er regnet som oppmelde det semesteret dei startar, mens resultatet visast det semesteret dei vert bedømt (seinast eit semester etter oppmeldinga).

2.6.4 Utdveksling

Tabell 22 Utdveksling AHO-studentar til utlandet eller andre norske lærarstader 2006 – 2007

	2006		2007	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Individb. avtalar	3	6	2	8
Bilaterale avtalar	0	0	3	3
Erasmus/Sokrates	0	1	12	17
Nordplus	2	4	7	9
SUM	5	11	24	37

Tabell 23 Utdvekslingsstudentar inn til AHO *) 2006 - 2007

	2007		2006	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Bilaterale avtalar	0	0	0	0
Erasmus/Sokrates	11	25	13	22
Nordplus	6	10	3	8
Hospitering	12	24	4	10
SUM	16	25	20	40

2.6.5 Kandidatproduksjon

Tabell 24 Fullførte studieprogram

	2006				2007			
	Vår		Haust		Vår		Haust	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
M.ark	13	20	7	11	9	16	11	23
M.ide	9	24	2	6	8	14	5	7
M.land	-	-	-	-	4	6	-	-
SUM	22	44	9	17	21	36	16	30
SUM/ÅR	61				66			

2.6.7 Studentmeritteringar

Alle studentmeritteringane står nærare omtalt på AHO sine nettsider

Student	Konkurranse – utstilling
Kyoko Sasaki	AHO Works H07 Statens Vegvesen. Pris for prosjektet "Nightscape"
Marika Lundberg	AHO Works H07 TreFokus. Pris for utmerket bruk av tre for prosjektet "Ferry terminal with greenhouse as a carbondioxide indicator"
Gunnar Rogne Øyvind Pharo	AHO Works H07 Mur og Betongbransjen Noreg. Pris for utmerket bruk av betong eller mur i prosjekter
Christelle Geiger og Kyrre Holmeseth	AHO Works H07 Arkitektbedriftene i Noreg. Pris for utvist profesjonalitet i et studentprosjekt. Prosjekt "Exploring the possibilities of Ørestaden"
Mattis Myhra	AHO Works H07 Arktis. Pris for utmerket bruk av arkitektonisk datagrafikk i prosjektet "Ferry terminal and science extraction lab"
Maiken Seglem	AHO Works H07 Supermodell. Pris for utmerket bruk av modeller i et prosjekt
Jonas Marculelscu	AHO Works H07 Asplan Viak. Pris for kreativitet innan arkitekturprosjektering i prosjektet "Harbour scenography – the trip to the moon"
Mona Holtmoen	AHO Works H07 Enova. Pris for energibevisst arkitektur i prosjektet "Solar Thermal Bath"
Torunn Stensheim og Marit Skarstøl	AHO Works H07 Enova. Pris for energibevisst arkitektur i prosjektet "Capsule"
Studentar ved kurset kompleksitet og systemtenking	AHO Works H07 Norsk Designråd. Pris for beste prosjekt innan Kategorien kompleksitet og risiko.
Balder Onarheim og Pål Espensen	AHO Works H07 Jordan. Pris i kategorien Form og uttrykk
Lars M. Vedeler	AHO Works H07 Jordan. Pris i kategorien Bærekraft
Alice Andreoli og Marthe Richardsen	AHO Works H07 Norske industridesignere. Pris for prosjektet "To know the customer best and to care the most"
Studentar ved kurset Interaksjonsdesign	AHO Works H07 Gazette. Pris i kategorien Design for alle/inkluderande design for prosjektet "The Magical Mirror Mystery Thing"
Studentar ved kurset Avansert produktdesign	AHO Works H07 Making Waves. Pris for innovasjon til elbilprosjektet "CityAnt"
Studentar ved kurset Avansert produktdesign	Bil07, Bilimportørenes Landsforening og Noregs Varemesse. Elbilprosjekter
Sara Johansson	Prosjektet tøyhunden "Sniff" er presentert i Tom Igoes bok "Making things talk".
Daniel Rybakken	reddot design award: design concept 2007, Singapore. Pris for prosjektet "Daylight comes sideways"
Fredrik Stowner Lid	Arkitektkonkurransen "Moderne boløsninger på bygda". Fredrik Stowner Lid var med på vinnarprosjektet gjennom kontoret Lerche arkitekter
Martin Blum-Jansen og Michel Nordtømme	Arkitektkonkurransen "Moderne boløsninger på bygda". Delt 2. plass for prosjektet "Høyt på strå".
Øyvind Østmo og Markus Utomo	NRK 3. NRK 3 vignett med "Pinky the Furball"

Marcus Runesson	AHO Works V07 To prisar for sitt forslag til skaterampe ved Operaen, for utmerka bruk av betong og mur og for utmerka bruk av arkitektonisk datagrafikk.
Haakon Matre Aasarød	AHO Works V07 Arkitektbedriftenes landsforbund. Pris for utvist profesjonalitet.
Kaja O. Kjølås	AHO Works V07 Norsk Designråd. Pris for beste studentbidrag innan innovasjon for sitt design av funksjonalitet som kan redde liv i krisesituasjonar.
Fredrik Sandberg	AHO Works V07 Norske industridesignere. Beste studentbidrag innan form og uttrykk
Sara Johansson	AHO Works V07 IT Funks pris for beste studentbidrag innan design for alle for sitt prosjekt "Sniff – et hjelpemiddel for blinde og svaksynte barn for å kunne orientere seg i rom"
Anette Johansen	AHO Works V07 Supermodell. Pris for utmerket bruk og arbeid med modeller.
Marcus Runesson, Atle K. Leira, Stine J. Haugseth	AHO Works V07 Mur og Betongbransjen Norge. Pris for utmerket bruk av betong og mur
Evelyn Habumugisha	AHO Works V07 TreFokus. Pris for utmerket bruk av tre
Tom Erik Wiik	AHO Works V07 Asplan Viak. Pris for kreativitet i arkitektur
Andre S. Johansen Jakob H. Pettersen Morten G. Adamsen	AHO Works V07 Nominert av 3. årsprosjekt til RIBA President's Metals

3 Administrative støttefunksjonar

3.1 Bibliotek

3.1.1 Utlån og besøk i biblioteket

Statistikken over utlån til studentar og besøk viser ei auking frå 2006 til 2007. Det er ikkje lenger mogleg å skilja mellom ulike studentkategoriar på grunn av samordning mellom BIBSYS og FS.

	2006	2007
Utlån til master-, Ph.D- og utvekslingsstudentar	12241	13054
Besøk	51814	54204

3.1.2 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar

Det som går att ved studentevalueringane av biblioteket sitt læringsmiljø og –ressursar er ynskje om stille leseplassar, betre scanner, hurtigare PCar og utbygging av designsamlingane. Alle desse punkta er vesentleg bedra i løpet av 2007.

3.1.3 Tiltak for å betre læringsmiljøet i biblioteket

- Hausten 2007 vart det etablert stille lesesal med 6 plassar i den tidlegare "forskarcella"
- I påvente av AHO sin nye web, har biblioteket laga ny versjon av sine sider til brukaropplæring hausten 2007. Den nye versjonen gir enklare tilgang til elektroniske ressursar og bidreg til betre marknadsføring, mellom anna av nye bøker.
- Biblioteket har kjøpt tilgjenge til eit arkiv med elektroniske tidsskrift i fulltekst

- Det har vore tilbod om fleire kurs for studentar ut over introduksjon til biblioteket sine samlingar og tenester, m.a. oppfølgingskurs og individuelle kurs i bruken av verktøy for referansehandtering for PhD-studentar og informasjonsressursar for studioskurs.
- Innlån og eigen fornying er betre marknadsført, og det er auka etterspurnad etter innlån
- Utanlandske studentar tok opp problemet med at mykje av den praktiske informasjonen berre var på norsk. Biblioteket har laga 2-språklege skilt på hyllane
- Det har vore eit godt samspel med lærarane på IDE, og biblioteket har prioritert ei styrking av ID/interaksjonsdesignsamlinga.
- Biblioteket har teke over samlingar av eldre designlitteratur som styrker den designhistoriske profilen.
- Det er oppretta fleire hyller med kurslitteratur, og det er lenke til BIBSYS i studieplanen på nett.
- IKT-avdelinga har oppgradert scanne-, print- og kopiløysinga.
- Rutinane for oppdatering av låntakarregisteret er no basert på FS-oppdateringar. Studentane melder berre adresseendringar ein stad, og erstatning av kort og andre endringar vert oppdatert kvar natt.

3.2 Studieadministrasjon

3.2.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar

Det som ser ut til å vera eit gjennomgåande problem eller frustrasjonsområde for studentane er knytt til nokre av dei tekniske løysingane. Dette gjeld i hovudsak Studentweb og studieplan på nett. Desse heng tett saman med studentanes ynskje og plassering på kurs, og er såleis et særskilt viktig moment for dei.

3.2.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet

- Studentweb er oppgradert i ny versjon, som gjer det mogleg for studenten å prioritera sine ønske av kurs samt at den vert meir brukarvenleg
- Forskrift og rutinar for erfaringsbaserte mastergradar er vidareutvikla.
- Arbeid med utvikling av heilårlege studieplanar vart sett i gong for etablering 2008-09
- I samråd med Undervisingutvalet er det gjennomført kandidatundersøkingar for studentar uteksaminert i perioden 2000-06, som eitt av grunnlag for vidare utvikling av studieplan.
- Arbeid med betre administrativ informasjon til engelskspråklege studentar vart starta. I samband med dette arbeidet vart det vedteken at AHO skulle betala for norsk kurs til utanlandske studentar tatt opp seinare i studiet, med verknad frå 2008.
- Det er gjennomført to spørjeundersøkingar til søkjarar, som underlag for å betre opptaksprøvar og –prosedyrar.

3.3 IKT

3.3.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentane etter første halvår 2007 vart det tatt initiativ frå IKT-avdelinga til eit tettare samarbeid med studentane for å sikra ei prioritering av tiltak for å betra studiekvaliteten. Stikkord i denne samanheng er auka tilgjenge både til læringsressursar, feilretting ("help-desk") og auka stabilitet og fleksibilitet. Det er eit mål å vera ute med å pilotera ny teknologi for å nytta dei moglegheitene som dette gjer for å effektivisera lærings situasjonen både for studentar, vitskapleg personale og administrasjon. Det er viktig å leggja til rete for ein auka grad av virtualisering av læringsressursane gjennom å gjera dei globalt tilgjengelege frå ulike plattformar, uavhengig av tid og stad.

Det er vedteke å vurdere val av "open source" fri programvare når nye løysingar skal skaffast eller skiftast ut.

3.3.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet

Basis-tenester

- E-post tenesta vart betra i 2007 ved at ny utgåve av e-post tenar og e-post web-lesar vart installert
- Ny leasing og driftsavtale med leverandør av skrivarar, som sikrar betre tilgjenge og forenkla drift. Skrivarar er nå betre tilpassa forbruksmønsteret. Innføring av "Follow me print" er starta.
- Det er no oppgradert til eit felles trådløst nettverk (EDUROAM), same løysing som i resten av universitet og høgskolemiljøet i Noreg.
- Lagringsløysinga er oppgradert til forenkla drift, auka tilgjenge og kapasitet tilpassa det reelle behovet.
- Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å forenkla driftssituasjonen, redusera risiko for nedetid samt auka kapasitet, m.a. ved å virtualisera servere (VMWARE) og innføra ny lagringsteknologi (SAN).
- Ca 30 % av studentane har Apple MAC klientar. Det var derfor i 2007 vedteke å gje hjelp til alle typar klientar (multiklient) (PC, MAC, Linux). Hjelpa skal sikre at studentane når ressursane i sentral plattform.
- Det var også sett i gong eit pilotprosjekt for å sjå på moglegheiter for vurtualisering av arbeidsstasjonsressursane som i dag vert tilbuttt frå datasalene og tilby applikasjonar og dataressursar uavhengig av stad og betre tilpassa applikasjons- og ressursbehov.
- Kapasiteten i forhold til låneutstyr er auka. Dette gjeld ulike scannere for papir og bilde, kamerautstyr. PC'ar og projektorar.
- Det er tilrettelagt nye verdiaukande tenester på toppen av basis-tenestane
- Hausten 2007 vart det satt i gong eit pilotprosjekt for å evaluera fordeler og ulempe ved innføring av ei felles læringsplattform (LMS), i "open source" løysinga MOODLE. Piloten avsluttas i mai 2008 med planar om full produksjonssetting frå og med hausten 2008.
- Hausten 2007 vart det sett i gong planlegging av ein pilot for videokonferanseløysing. Det er også her ynskjeleg å nytta "open source" løysingar.
- Hausten 2007 vart det sett i gong ein pilot for å evaluera ulike løysingar for opptak ("streaming") og formidling av forelesingar. Det er ynskjeleg å gjera desse tilgjenge via AHOs heimeside og frå læringsplattforma relatert til dei ulike kursa., i "open source" løysing.
- Det er sett i gong oppgradering og installasjon av nye projektorar i dei større undervisningsromma. Til dei mindre undervisningsromma er det planlagt å kjøpa inn "smart-board", mens det til vising av prosjektarbeid og diplominnleveringar er satt i gong innkjøp av portabelt utstyr. Desse initiativa vert avslutta medio 2008
- Hausten 2007 vart det sett i gong eit prosjekt for å etablere rutinar og verkty for å sikra at AHO følger best practice (I TIL rammeverk), som eit minimum i forhold til handtering av feil, endringar og konfigurasjonsstyring. Prosjektet avsluttas medio 2008.
- AHO har på vegne av dei andre høgskolane fått ansvar for å utarbeide eit tilpassa rammeverk som kan gjenbrukas og byggast vidare på
- I løpet av 2007 har IKT-avdelinga gjort seg meir tilgjengeleg ved å gå gjennom rutinar og gjere seg meir synleg.

3.4 Verkstader

3.4.1 Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar

AHO har godt utbygde verkstader med relativt avansert teknologi på verkty og utstyr som set strenge krav til opplæring og tryggleik. Dette gjer at ein del av verkstadene berre er tilgjenge for studentar i skolens opningstid. Som kompensasjon for dette har studentane ein døgnope lettverkstad.

3.4.2 Tiltak for å betre læringsmiljøet

- Det vert halde månadlege møter med direktør og studentrepresentant for relevante spørsmål. Her vert både problemområde, område for utvikling og studentanes ynskjer til utstyr teke opp.
- På førespurnad frå lærarar held verkstandane ope ut over normal arbeidstid i periodar med særskilte behov dersom dette er mogleg
- Flisavsug i lettverkstaden er reparert og kapasiteten dobla. Det er utarbeidd rutinar for vedlikehald
- I samarbeid med Statsbygg går ventilasjonsanlegget kontinuerleg i periodane for innlevering
- Datamaskin til styring av fres er innkjøpt.
- Studentanes ynskje til innkjøp av utstyr og materiale vert vurdert i høve til helsefare og tryggleik
- Av tryggingssyn vert strøm til sirkel- og båndslag slått av kl 22.00 på lettverkstaden.
- Arbeid med betring av flisavsug og luftkvalitet på tre- og plastverkstad er starta. Arbeidet vert avslutta i 2008.
- Opplæring i maskinpark og tryggleik for nye studentar utviklast vidare. Frå og med hausen 2008 vil studentar i fyrste år få ei langt breiare opplæring enn tidlegare.